



Stian med medaljar og pokal som han har sikra seg – førebels. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bygda har eit godt idrettslag, men det driv naturleg nok ikkje med alle disiplinær. Difor er det til dømes nokre som skyt i Omvikdalen – og ein som symjar på Husnes.
Den eine er tolvåringen Stian Sebastian Enæs Fjeldsbø som bur på Eikelandet og som denne helga fekk sølvmedalje på 25 meter rygg i eit symjestemne i Åstveithallen i Bergen.
Til helga skal han i aksjon att i Bergen, under KM i Bergenshallen. Kanskje det då blir gull?**

Men korleis kan det ha seg at ein einaste uskedeling driv med symjing? Med litt hjelp av mor Anita kjem vi her med forklåringa:

Stian har alltid likt seg i vatnet og var truleg berre fem år gamal då har lærte seg å symja i fjorden ved Eikelandet.

- Han er ein av dei som aldri fryser og som aldri går på land, seier mora.

I åra frå 2003 til 2006 spela han fotball, men tykte det var stritt å koma seg til Heio. Då var det atskillig kjekkare å køyra traktor saman med Bjørgulf Eik!

For halvtanna år sidan fekk mor høyra at den eitt år eldre Henrik Dahle skulle bli med i Trio Svømmeklubb og ho fekk lokka Stian til å bli med. Då var også ein tredje uskedeling symjar i Trio – Kristoffer Hansen Totland. Men no er Stian aleine att etter at Henrik har flytt til Bærum og symjer der.

Sidan han vart med i Trio har Stian trent i opptil to timar tre gonger i veka. Det kan verka stritt, men mor gjer det klårt at både han og ho vart svært godt mottekne i det fine symjemiljøet på Husnes, som no omfattar mellom 50 og 60 aktive symjarar. Dei tek seg ikkje minst godt av dei nye når det gjeld å motivera dei og hjelpe dei vidare.. Stian kom også nesten med ein gong inn på A-partiet, som omfattar dei mest lovande og som no består av 10 symjarar. Han kan symja både fri, rygg, bryst og butterfly, men har gjort det best i fri med ei bestetid på 17 sekunder på 25 meter.

Sidan han starta som aktiv symjar har Stian vore med i tevlingar både på Husnes, Stord og i Bergen. Men aller kjekkast var det å reisa til Hobro i Danmark på treningstur i fjor sommar. Denne sommaren står Løkken på reiseplanen.

Stian er ikkje i tvil om at han kjem til å satsa på symjing også i åra framover.

- Men vi vil ikkje veta noko av at hallen på Husnes blir tappa av politkarane i neste månad, seier ei engasjert mor Anita.

Av Ola Matti Mathisen